




Presentasjon fra kirkemøtet i
1999



**KYRKJA I MØTE MED DEN
ANDELEGE LENGTEN I VÅR
TID**

E-MAIL CHAT MELLOM FLUGENE
PÅ VEGGEN
www.flugen-paa-veggen.com

For oppdatering og meir info:
<http://www.kirken.no>




From: fluga.kjoekken.trine@online.no
To: fluga.himmelen.@heaven
Date: 16. Nov. 1999 kl 20.15
Subject: Er ho verkeleg så åleine?

Eg ser at tåra renn, ho snakka med seg sjølv, skrik høgt: ”
Ingen ser meg, ingen har tid for meg!” Der rører magen
seg, fosteret sparkar, men det kan jo ikkje gi noko svar!
Venninnene er gått på fest, mora avviste telefonsamtalen.
Barnefaren var ein happening,

Er ho verkeleg så åleine????


Kjøkkensusen



From: fluga.himmelen.@heaven
To: fluga.kjoekken.trine@online.no
fluga.kyrkjemoetet@kirken.no
Date: 16. Nov. 1999 kl 20.10
Subject: Herren er på kjøkkenet.

Herren svarar: Eg omgir deg på alle sider, eg
har lagt mi hand på deg. Om du sit eller står,
så veit eg det. Barnet du ber, er mitt. Før eg
skapte det i morslivet, helga eg det.


Himmelsusen



From: fluga.kontor.per@online.no
To: fluga.himmelen.@heaven
Date: 17. Nov. 1999 kl 15.55
Subject: Er dette alt?

Aksjekursen steig kraftig i dag. Økonomi møtet
gjekk greitt og fort (i Per sin favør!)
Han har hatt over 20 nye kontaktar. Til og med
media takla han bra i dag!!
Men han kom med eit spørsmål, ja, han har sagt
det før også: Er dette alt? Er det dette eg lever
for?

Stresskuffert susen



From: fluga.himmelen.@heaven
To: fluga.kontor.per@online.no
fluga.kyrkjemoetet@kirken.no
Date: 18. Nov. 1999 kl 09.30
Subject: Livsens brød og det levande vatnet !

Jesus seier: Eg er livsens brød. Eg er det
levande vatnet. Den som drikk av det
vatnet eg vil gje han, skal aldri meir
tyrsta. Det vert i han til ei kjelde med
vatn som vell fram og gjev evig liv.

Himmelsusen

From: fluga.kyrkjeveggen@online.no
To: fluga.himmelen.@heaven
Date: 18. Nov. 1999 kl 21.30
Subject: Det er godt å vera her !!

Døra står vid open, men ingen fryser, musikken tek tak, dei lovsyng med løfta hender, heile kroppen er med!

Filip er sjølsagt med frå rullestolen. Orda får han ikkje fram, men kroppen syng og heile han strålar i det han ser inn i augo til venene sine. Eg må faktisk ta ein ekstra svingom eg og!!!!

Fellesskapssusen

From: fluga.himmelen.@heaven
To: fluga.kyrkjeveggen@online.no
fluga.kyrkjemoetet@kirken.no
Date: 18. Nov. 1999 kl 21.40
Subject: Herren frydar seg og !

Lat hyllingsrop lyde for Herren, all jorda!

Ten Herren med glede, kom fram for han med fagnad!

Skjøn at Herren er Gud!

Han har skapt oss, ikkje vi sjølve, til sitt folk og til den hjord han gjeter.

Himmelsusen

From: fluga.hyttevegg.Etiopia@lifeline.com
To: fluga.himmelen.@heaven
Date: 19. Nov. 1999 kl 06.00
Subject: Er vi strøkne av kartet ?

Mjølkrukka er tom, kjøtt og fisk er ikkje å få tak i, vatnet er forureina. Også dette barnet har slutta å skrike, men ho nektar å leggja det frå seg.

Ho stirer berre tomt ut i lufta.

Ho veit ikkje kven ho skal be til ein gong !!

Kva seier HAN til dette?

Susen frå folkeslaga

From: fluga.himmelen.@heaven
Forward to: fluga.kyrkjeveggen@online.no
fluga.kyrkjemoetet@kirken.no
Date: 19. Nov. 1999 kl 07.00
Copy: fluga.hyttevegg.Etiopia@lifeline.com
Subject: URGENT! Han har tiltru til dykk.

For eg var svolten, og de gav meg mat, eg var utan klede og de kledde meg,,!?!?

Eg har fått all makt i Himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til mine læresveinar...

Himmelsusen

NEW MAIL TO ALL

From: fluga.himmelen.@heaven
To: alle.fluger.som.flyg@lifeline.com
Date: 20. Nov. 1999 kl 13.00
Subject: Du som lengtar !!!

Jesus ropar ut:

Kom til meg alle de som slit og har tungt å bære, eg skal gi dykk kvile!

Sjå, eg står for døra og bankar på.

Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg

Himmelsusen

PS: NB! Kyrkja er Kristi lekam på jorda.